

MØTEPROTOKOLL

Utval: Vik kyrkjelege fellesråd

Møtestad: Vik kommunehus, kantina

Møtedato: 29.10.25

Start kl 09.00-11.00

Til stades: Brita Sissel Turvoll, Solrun Skogheim, Nann Ingun Simlenes, Silje Grønningsæter, Roy Egil Stadheim (var ikkje til stades på sak 26/25:budsjett 2026)

Fråvær: Endre Nese, Kjell Olav H. Nordheim

INNKALLING TIL MØTE I VIK KYRKJELEGE FELLESRÅD

TID: 29. oktober 2025 kl 09.00

STAD: Kantina på kommunehuset i Vik

Sak 21/25 Godkjenning av innkalling og sakliste

Ingen merknad til innkalling og sakliste

Sak 22/25 Godkjenning av referat frå møtet 17.06.25

Referat frå møtet 17.06.25 er godkjent

Sak 23/25 Orienteringssaker

- Drop in dåp og vigsel på Vangsnes:
 - Marit Andersen informerte om ei vigsel og ein dåp og ein fin dag på Vangsnes
- Opning av «Ein inngang for alle» ved Vik kyrkje:
 - Røyrvik Bygg og Betong har sendt sluttoppgjer men det er ikkje handsama hjå kyrkjevevja enno. Det har kome inn 3 endringsmeldingar på til saman 136 000,- eksl. mva.
- Prosess med tilsetjing av prest:
 - Stillinga er lyst ut med søknadsfrist 9.11.2025. Ein representant frå sokneråda i Vik skal vera med på tilsetjingsprosessen.
- Namna minnelund i Fresvik – alternativ plassering
- Stakittgjerde på Fresvik gravplass: Kyrkjetenarane er i gang med arbeidet.
- Vangsnes kyrkje: Nytt skifertak.
 - Anbudskonkurransen er lagt ut på Doffin med tilbodfrist medio november. Vi søker også på midlar frå «Kirkebevaringsfondet».

Sak 24/25 Grunnforhold på kyrkjegarden i Arnafjord

Samrøysta vedtak.

Fellesrådet gir mynde til kyrkjeverja til å:

1. Engasjere geoteknikkar/geolog for å få gjort ei fagleg vurdering av naudsynt tiltak
2. Spele inn kr 300 000,- til Vik kommune sitt investeringsbudsjett for 2026 for gjennomføring av anbodskonkurranse til inntil 3 entreprenørar og utføring av naudsynt tiltak.

Finansiering til rådgjeving frå geoteknikkar/geolog skal løysast ved bruk av fondsmilder.

Sak 25/25 Rekneskap 2. tertial 2025

Samrøysta vedtak.

Rekneskapsrapport for andre tertial vert teke til vitande. Ved mindreforbruk i drifta skal ubundne driftsfond reduserast tilsvarande.

Sak 26/25 Budsjett 2026

Samrøysta vedtak.

Vik kyrkjeleg fellesråd vedtek framlagt budsjett frå kyrkjeverje med fylgjande endring: Påslag/deflator vert redusert frå 5% til 3,5 %. Tilskot frå Vik kommune og bruk av fond (unytta driftsmidlar), vert endra som ein konsekvens av dette.

Vik kyrkjeleg fellesråd bed Vik kommune om fylgjande for 2026 og vidare i økonomiplanperioden:

- 2026: Driftstilskot på kr 3 312 000
- Auke i driftsmidlar vedteke i Vik kommune sin økonomiplan vert flytta frå 2026 til 2027 og vidare.

Fellesrådet bed om at midlar til reperasjon av kyrkjetak på Vangsens, Vik og Feios kyrkje, vedteke i gjeldande økonomiplan til Vik kommune, vert vidareført i åra 2026-2028. I tillegg bed fellesrådet om kr 300 000,- til tiltak på kyrkjegarden i Arnafjord i 2026.

Sak 27/25 Val av leiar og nestleiar for 2026

Valt med akklamasjon.

Leiar: Silje Grønningsæter

Nestleiar: Solrun Skogheim

Sak 28/25 Val av ny representant inn i kyrkjeleg administrasjonsutval

Valt med akklamasjon.

Ny representant i kyrkjeleg administrasjonsutval: Silje Grønningsæter.

30.10.25

Turid K. Brekke, Kyrkjeverje og referent